

- Kan gi dyrare mat

2025-03-03

Optional[© Nationen]

Alle artikler er beskyttet av lov om opphavsrett til åndsverk. Artikler må ikke videreformidles utenfor egen organisasjon uten godkjenning fra Retriever eller den enkelte utgiver.

Les artikkelen ved å klikke her.

4 NYHETER

Mandag 3. mars 2025

NATIONEN



Stor prisvekst på flere viktige driftsmiddel i jordbruket får konsekvensar, ifølgje analytikar.

Mangedobla kostnadsvekst for bønder:

- Kan gi dyrare

Dei siste månadene har kostnadene til bønder auka tre gonger meir enn prisveksten generelt i samfunnet. Det kan gi dyrare mat, ifølgje analytikar.

Bjarne Bekkeheien Aase
bjarne.aase@nationen.no

KOSTNADSVKST

Få månader før årets jordbruksoppgjør startar går prisane på flere sentrale innsatsfaktorar i jordbruket kraftig opp.

Det viser indeksen for kostnadsveksten til bønder, Bondens prisindeks (BPI), som blir laga av AgriAnalyse.

Mangedobla prisvekst

Tal for januar viser ein prosent kostnadsauke for bønder på ein måned.

Det er fire og ein halv gong

meir enn veksten i konsumprisindeksen (KPI), ofte omtalt som den generelle prisveksten i samfunnet, i same tidsrom.

Kostnadene i jordbruket gjekk kraftig opp i 2021 og 2022, for så å gå litt tilbake, men nå har pile- ne snudd igjen.

I fire månader på rad har BPI peika bratt oppover. Kostnadene til bønder har i den perioden auka med 2,9 prosent mot 1 prosent auke i KPI.

Prisane er på veg opp igjen og kostnadene aukar langt meir i jordbruket enn elles i samfunnet. Ein prosent opp på ein måned er ganske mykje og nå er



Anel Finci jobber i AgriAnalyse. Han lager blant annet bondens prisindeks

FOTO: CAMILLA MELLESTRAND

det fire månader på rad med oppgang, seier prosjektleiar i AgriAnalyse, Anel Finci.

” Held utviklinga fram, så kan matprisane gå opp. I allfall på sikt
Anel Finci,
prosjektleiar i AgriAnalyse

- Kan gi dyrare mat

Dei tolv siste månadene har Bondens prisindeks samla sett gått opp litt over fire prosent, mot 2,35 prosent for KPI.

Finci viser til at kostnads-



FOTO: TERJE BENDIKSBY / NTB

mat

veksten i jordbruket skjer på brei front.

Kraftfôr, som er den desidert tyngste kostnadsposten på rundt 10 milliardar kroner i året, har hatt ein årsvekst på 5,23 prosent.

På kunstgjødsel var prisveksten på 7,21 prosent og på diesel har prisane auka med 8,11 prosent det siste året.

Kostnadsveksten skjer på brei front. Alle dei tre tunge innsatsfaktorane som er spesifikke for jordbruket drar opp. Energiprisane er med på å dra opp prisane på gjødsel og diesel. På kraftfôr spelar også pri-

sane på enkelte viktige importerte råvarer inn, seier Finci.

Han peiker òg på at ordninga med tilskot til å skrive ned prisen på importerte karbohydratråvarer forsvann i juli i fjor og på svak kronkurs.


- Kan stor kostnadsvekst i neste omgang dra opp matprisane?

- Med stor underliggende prisvekst, så skulle ein tru det. Held utviklinga fram, så kan matprisane gå opp. I allfall på sikt, men det er vanskeleg å seie noko om når det vil skje, seier Finci.

Han viser til at prisane i bu-

Prisvekst på viktige innsatsfaktorar det siste året

Ulike delindeksar som inngår i Bondens Prisindeks (BPI).



Oversikt frå AgriAnalyse basert på råvareprisar frå bl.a. Verdsbanken, Eurostat, SSB og Landbruksdirektoratet. 2015 = 100

Grafikk: Bjarne Bekkeheien Aase, Nationen • Kilde: AgriAnalyse

Kostnadsveksten i jordbruket

Bondens Prisindeks (BPI) målt mot SSBs konsumprisindeks (KPI), som viser veksten i prisnivået.



Oversikt frå AgriAnalyse basert på råvareprisar frå bl.a. Verdsbanken, Eurostat, SSB og Landbruksdirektoratet. 2015 = 100

tikk også blir påverka av kampanjar og andre forhold. Jordbruksoppgeret og lønssoppgeret kan òg påverke prisveksten.

Peiker på nøkkelfaktor

Finci seier det er vanskeleg å vite om kostnadsveksten i jordbruket vil halde fram å vere større enn den generelle prisveksten i samfunnet og om utviklinga den siste tida er eit varig trendskifte.

- Det er vanskeleg å svare på. Mykje handlar om energiprisane, seier Finci, som trekker fram energiprisane som ein nøkkelfaktor for prisveksten vidare.

Han viser til at prisane på særleg gjødsel og diesel er nær knytt til prisane på gass og olje. Gassprisen i Europa er i skrivande stund meir enn 60 prosent høgare enn på same tid i fjor viser tal frå energibørsar.

Kina har ifølgje Finci redusert eksporten av gjødsel for å skjerme sin eigen marknad. Pris på diesel er ifølgje Finci òg påverka av sanksjonar mot russiske skip.

På kraftfôr har Landbruksdi-



Kraftig kostnadsvekst for bønder kan i neste omgang føre til større prisvekst på matvarer, ifølgje analytikar. FOTO: BJARNE BEKKEHEIEN AASE

rektoratet trekt fram at auka råvareprisar på mellom anna raps, roesnittar og feitt har verka inn fortel Finci.

Den såkalla kraftfôr-skandalen som er avdekt siste tida, der Felleskjøpet Agri produserte fôr med giftig høgt innhald av D-vitamin, trur AgriAnalyse ikkje vil påverke kraftfôrprisane i særleg grad.

Finci reknar med at investeringsringane som er varsla på 45 millionar kroner i den aktuelle

kraftfôrproduksjonen alt er tatt inn i priskalkylane.

Straumprisane er ein av svært få faktorar som drar prisveksten i jordbruket ned. Der har prisnedgangen det siste året vore på fem prosent.

- Straumprisane har gått ned. Det har samanheng med høgare fyllingsgrad i vassmagasina og at ein del fossil energi er erstatta med nye energikjelder, seier Finci.